


JORDMASSAR

FRÅ PROBLEM TIL RESSURS

- ta vare på matjorda



REGION
NORDHORDLAND

RETTLEIAR FOR OFFENTLEG FORVALTNING

“The Nation that destroys
its soil destroys itself.

Franklin D. Roosevelt

Om rettleiaren:

Utgjevar:
Region Nordhordaland

Grafisk utforming:
Britt Farestveit.

Foto:
Britt Farestveit; s. 6, 7, 12, 16, 18, 21, 22, 26, 31, 34, 37, 40, 42, 49

Marius Flemmen Knudsen/Laila Bjørge; s. 14, 14, 38

Tonje Husum Aarland: s. 46 - 47

Olav Overvoll: s. 23

Illustrasjonsfoto – Shutterstock: s. 1, 8, 11, 14, 17, 19, 20, 24, 27, 32, 35, 41, 50, 52

Forord

Det å utarbeide denne rettleiaren var eit av fleire tiltak i prosjektet «**Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda**». Kommunane i Nordhordland har fått finansiert prosjektet med skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland, klimatiltaksmidlar frå Hordaland fylkeskommune og omfattande eigeninnsats.

Styringsgruppa for prosjektet har vore Rådmannsutvalet i Nordhordland. Prosjektlear har vore Tonje Husum Aarland (Nordhordland Utviklingsselskap IKS). Arbeidsgruppa har vore Laila Bjørge og Marius Flemmen Knudsen (kommunane Meland og Modalen), Asbjørn Nagell Toft (Austrheim kommune) og Kjartan Nyhammer (Lindås kommune).

Prosjektet har også hatt ei handplukka referansegruppa bestående av Magnar Askeland (bonde i Meland kommune), Vidar Raugstad (Nordhordland Grunn og Betong AS), Trygve Torsteinsen (landbruksrådgjevar), Thomas Lindås (Austrheim kommune), Astrid Holte og Egil Hauge (Fylkesmannen i Hordaland) og Snorre Waage (Hordaland fylkeskommune).

Takk for oppdraget og all hjelp frå gardbrukarar, entreprenørar og andre som har delt av sin kunnskap og erfaringar med oss!

Region Nordhordland

2016

Innhold

Forord	3	5.5 Søknad om dispensasjon	36
1. Innleiing	6	5.6 Planverktøy	36
2. Samandrag	8	6. Oppfølging og kontroll	42
3. Reine og ureine massar og definisjonar	9	6.1 Offentleg oppfølging og kontroll	42
3.1 Arealkategoriar i jordbruket	9	6.2 Internkontroll	43
3.2 Reine og ureine massar	10	7. Viktige moment i ein søknad om massehandtering	45
3.3 Omgrep og definisjonar	13	7.1 Viktige opplysningar i ein søknad	46
4. Interesser forvaltninga må ivareta	15	7.2 Innhaldet i søknaden	46
4.1 Landbruk og samfunnsnytte	17		
4.2 Kulturminne og kulturmiljø	20		
4.3 Naturmangfald	22		
4.4 Forureining	25		
4.5 Nærmiljø: friluftsliv, transport og tryggleik	26		
4.6 Konklusjon	28		
5. Saksgang og planverktøy – erfaringar frå Nordhordland	28		
5.1 Samarbeid på tvers av fagfelt	29		
5.2 Forskrift om nydyrking	31		
5.3 Forskrift om forureining (bakkeplanering)	32		
5.4 Plan- og bygningslova	33		

1. Innleiing

Fokuset på jord og jorda sin viktige verdi har auka dei siste åra. 2015 var FN sitt internasjonale år for jordsmonn nettopp for å auka kunnskap om jorda sine viktige kvalitetar og konsekvensane av tap av denne ikkje-fornybare ressursen.

Tal dekar dyrka og dyrkbar jord som vert omdisponert til andre formål enn jordbruk er fallande i Norge. Ifølgje KOSTRA vart det i 2014 omdisponert 10 000 dekar dyrka og dyrkbar jord. Medan det i 2005 og 2010 var omdisponert høvesvis 18 000 og 12 000 dekar til andre formål. Reduksjonen i omdisponering er klart størst i kategorien dyrkbar jord. På den andre sida vart det i 2014 godkjent 18 000 dekar for nydyrking. Noko av denne nydyrkinga var truleg tilknyrde jordmassar frå areal som har vorte omdisponert til andre formål. Utviklinga er gledeleg.

Bakgrunn for denne rettleiaren er nettopp dette; kva skjer med jordmassane som vert fjerna frå utbyggingsområde? Noko jord trengs ofte til å pynta til vegskråningar og laga park-/grøntområde, men storparten må som regel køyrast vekk. Kommunal forvaltning si involvering i desse sakene er sprikande. Ein del prosjekt går under radaren med den risiko at ikkje alle sider i saka vert vurdert. Entreprenøren får ansvaret for å klargjere området for utbygging, og står med eit masseoverskot. Det vanlege er å kontakte ein grunneigar i nærleiken. Entreprenør vil kvitta seg med eit problem og grunneigar får ei oppgradering av jordbruksarealet sitt eller



ei økonomisk vinning. Erfaringa tilseier at slike saker ofte vert hastesaker når det vert teke kontakt med kommunal forvaltning, og krev ofte noko tid. Mange interesser skal ivaretakast og saka må gjerne på høyring. Målet med denne rettleiaren er å gjere grunneigarane, entreprenørane og forvaltninga i stand til å vera i forkant og handtere masseoverskotet som ein ressurs - som det faktisk er - i staden for eit problem. Å vere i forkant betyr i denne samanhengen å vere tidleg inne i plan- og enkeltsaker der massehandtering er/bør vere tema.

Vår oppmodning er:

Tenk massehandtering i planarbeidet, det er den beste måten å vere i forkant på.

Det vil likevel alltid vere små og store enkeltsaker å ta stilling til, derfor er det søknaden og sakshandsaminga som har fått størst fokus i denne rettleiaren. Den vanskelege vurderinga for sakshandsamar er ofte kva lovverk saka skal handsamast etter. Er omfang og risiko i saka så stor at den skal handsamast etter plan- og bygningslova,


eller kan saka handsamast etter forureiningsforskrifta (tidlegare «bakkeplaneringsforskrifta»). Her må sakshandsamar bruka skjønn, og tilpassa eventuelle krav i kommuneplanen. Nærleik til vassdrag, trafikktryggleik, type massar, topografi, avstand til naboar og naturmangfald er døme på aktuelle vurderingstema.

Me håpar at du som sakshandsamar finn god hjelp og støtte i rettleiaren. Dette er ingen fasit, men baserar seg på våre erfaringar i kombinasjon med gode innspel frå referansegruppa og kollegaer. I sum håpar me at rettleiaren skal hjelpe til å ta vare på matjorda vår og styrka driftsgrunnlaget i landbruket på ein skånsam måte.

God lesnad!



2. Samandrag



Store mengder lausmassar skal køyrast vekk frå eit anleggsområde og ein grunneigar har fått spørsmål om å ta imot massane. Det vanlege er at landbruksforvaltninga i kommunen vert kontakta av grunneigar. Spørsmåla er ofte mange både frå grunneigar/søkjar til sakshandsamar. Mange interesser skal ivaretakast og potensielle konflikter må avdekkast best mogeleg i forkant. Samstundes har nok dei fleste ei ibuande interesse for å ta vare på matjorda. Rettleiaren omtaler dei interesser og det lovverk som du som sakshandsamar skal ta med i dine vurderingar. Interesser som skal vurderast/undersøkast er klima, kulturminne, naturmangfald, ureining av vassdrag, friluftsiinteresser, om naboar vert råka og trafikktryggleiken.

Omfang og kompleksitet avgjer om det er søknadspiktig og i så fall kva lovverk og eventuelt kva planverktøy saka skal handsamast etter. Her må det utøvast skjønn. Ved begrensa omfang og kompleksitet kan tiltaket handsamast etter ureiningsforskrifta. Er omfanget stort og langvarig skal tiltaket handsamast som dispensasjon frå landbruks-, natur og friluftsmål (LNF-formålet) i kommuneplanen sin arealdel etter reglane i plan- og bygningslova, eller i ein planprosess.

Som eit ledd i å redusera risiko for uønska hendingar kan ein setje ulike vilkår for å godkjenne tiltaket. Krav om internkontroll på jordtippen for å unngå ureina masser bør vere eit vilkår. Det å motta ureina massar kan få store konsekvensar, både økonomisk og uopprettelege skadar, som til dømes på vassdrag, jordsmonn eller naturmangfald.

I veldig store prosjekt med høg grad av kompleksitet kan det vera føremålstenleg å be om reguleringsplan. Erfaringar frå Nordhordland tilseier at det er fornuftig å sette av områder for jordtipp i overordna planar i kommunen. Ved oppstartsmøte for reguleringsplaner bør handtering av overskotsmassar vera tema og dei bør omtalast i føresegner. Ha t.d. ein samla oversikt over godkjente landbruksvegar i kommunen, overskotsmassar av stein vil ofte vera kjærkomen her viss vegen ikkje er ferdigstilt.

Siste kapittel i rettleiaren er via til sjølve søknaden om jordtipp. Her omtaler ein alle naudsynte opplysningar som bør inngå i søknaden. Ein god søknad som inneheldt naudsynte opplysningar kortar ned på sakshandsamingstida, og vil vera til beste for alle parter.

3. Reine og ureine massar og definisjonar

Det er viktig å forstå forskjellen mellom reine og ureine massar. Det er ein føresetnad at det er reine massar det vert søkt om til kommunen. Kva er til dømes avfall? Og kvifor skal ein unngå å bruke ureina massar? I tillegg er det andre definisjonar av omgrep som går att i rettleiaren som det kan vera greitt å ha tydeleg for seg kva tyder i denne samanhengen.

3.1 Areal kategoriar i jordbruket

Jordbruksareal vert klassifisert etter arealtilstand og vilkåra for maskinell drift og er definert i tre arealkategoriar:



3.2 Reine og ureine massar

Det er reine massar denne rettleiaren set fokus på. Likevel kan det vere greitt å seie noko om forskjellen på desse og kva regelverk ein bør kjenne til.

Avfall

Avfall kan vere:

- Kasserte lausøyre eller stoff
 - bioprodukt er ikkje avfall dersom det kan brukast utan at det ureina
 - kan opphøra å vera avfall dersom det er bearbeida, tilfredstillar visse krav og kan nyttast som erstatningsprodukt
- Avfallsregelverket sett krav til handtering av det som er definert som massar. Døme:
 - Pukkverk, grus, sand frå pukkverk og grustak er ikkje avfall. Finfraksjon vil normalt vere avfall.
 - Overskotsmassar frå mudring og gravearbeid kan vere avfall sjølv om dei ikkje er forureina
- Betong, tegl, asfalt, betongslam og sandfangmassar er avfall

Regelverk

Det er fleire regelverk ein bør kjenne til med tanke på reine og ureine massar:

- Ureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Ureiningsforskrifta
- Naturmangfaldlova
 - Trua og sårbare arter og naturtypar
 - Spreiing av framande skadelige artar
- Vassforskrifta
 - Kartlegging av vasskvalitet
 - Mål for vasskvalitet
 - Tiltak for å nå måla



Ureiningsregelverket peiker mellom anna på at ein har plikt til å unngå ureining og at det er forbod mot forsøpling.

Farleg avfall har særlege krav til handsaming og ein må ha løyve til deponi og avfallsanlegg.

Ved handtering av avfall er det også krav til avfallsplan og kartlegging av farleg avfall. Ein bør elles alltid vurdere om grunnen er ureina.

Problemet med bruk av ureina massar

Det kan nok av og til vere fristande å bruke ureina massar som fyllmassar, men dette kan få store konsekvensar. Mellom anna kan det:

- spreie (ofte ukjente) miljøgifter til nye område
- få konsekvensar for livet i vatn og jord og innskrenka framtidig bruk
- gjennom ulovleg tiltak gje krav om fjerning og både den som leverer og den som tar imot har ansvar
- føre til vedtak om avgrensa rådvelde
- bli veldig dyrt



Ansvarsforhold

Når avfall vert levert til avfallsanlegg med løyve etter forureningsregelverket overtek dei ansvaret for avfallet (befriande verknad).

Ureina massar

Ureina massar kan finnast mellom anna på desse stadene:

- Branntomtar
- Bensinstasjonar
- By-jord
- Gartneri
- Områder nær hus med PCB-maling
- Område med tilkjørte massar, tippområde
- Lager for plantevernmidlar
- Reinseri
- Plastindustri
- Skipsverft
- Skytebaner
- Småbåthamn



Ureining frå massehandtering

Ureining frå massehandtering kan vera fleire ting, mellom anna:

- Partiklar, miljøgifter, endra PH, organisk stoff, nitrogenbindingar
- Framande, skadelege artar
- Støv, støy og liknande frå verksemda og transport

Desse kan gje ulike konsekvensar som det er viktig å vere obs på:

- Nye områder med ureina grunn
- Nedslamming av vassdrag
- Problem for fisk, elvemuslingar og andre vasslevande organismar
- Attgroing, endra PH, eutrofiering, spreining av miljøgifter
- Spreining av framande, skadelege artar
- Støv/støypagar for naboar

Oppsummering

Kommunen skal mellom anna rettleie, godkjenne tiltaksplanar, sjekke grunnforurenings-databasen og føre tilsyn. Varsemd er til stor hjelp dersom det er grunn til å tru at grunnen er ureina.

Under er ei liste med gode tips for både kommunen og tiltakshavar:

- Godkjenn berre reine naturlege masser
- Krev dokumentasjon på opphav for massane
- Krev analyser om du mistenkjer ureining
- Ta stikkprøve frå ulike leverandørar/jobbar
- Avgrens tal leverandørar og tilkomst til utfyllingsområdet
- Sjekk avrenning – ta vassprøve før oppstart og under oppfylling og vurder resultat.
- Eventuelt avfall må gå til nyttiggjering –dette krev skriftleg risikovurdering og vurdering av trong for løyve etter ureiningslova.

3.3 Omgrep og definisjonar



Overskotsmassar har gitt betre jordbruksareal på Mjåtveit og Langeland i Meland kommune

Overskotsmassar:

Massar som vert tatt ut av eigedommen.

Deponi:

Lagring av avfall over 3 år eller meir.

Myrjord:

Myrjord består av meir eller mindre omdanna organisk materiale. I eit vassjukt og tett miljø skjer omdanninga av strukturen svært langsamt og det vert danna torv. Omdanningsgraden i myrjord avgjer kor mykje den kan bearbeidast.

Mineraljord:

Mineraljord består av nedbroten berggrunn. Den vert delt i tre ulike jordartar etter opphavsmateriale og kornstorleik i klassane leirjord, siltsjord og sandjord. Dei ulike jordartane har ulike eigenskapar i høve til vatn og næringsinnhald. Ofte finn ein desse jordtypene i kombinasjon med kvarandre.

Reine naturlege massar:

Naturlege massar som jord, stein, grus med meir som ikkje inneheldt konsentrasjonar av helse- eller miljøfarleg stoffar over fastsatt normverdi, jf. Ureiningsforskrifta kapittel 2.

Lett ureina massar:

Jord, stein, grus m.m. som er over normverdiane, og tilfredstillar kriteria for mottak på deponi for inert avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 9 (grenseverdier for utlekkingspotensiale og innhald av org. parameter).

Forureina grunn:

Jord eller berggrunn der konsentrasjonen av helse- eller miljøfarlege stoff overstig fastsette normverdiar for ureina grunn.

Ureina massar:

Jord, stein, grus m.m. som er over normverdiane, men inneheldt ureiningskomponentar under grensa for farleg avfall, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar «Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn (TA 2553/2009).

Inert avfall:

Avfall som ikkje gjennomgår nokon betydeleg fysisk, kjemisk eller biologisk omdanning (ikkje utlekking eller fare for ureining).

Byggavfall:

Materialar og gjenstandar frå bygging, rehabilitering eller riving av bygningar, konstruksjonar eller anlegg (gravemassar frå byggverksemd inngår ikkje) (TEK 10)

Gravemassar:

Massar som vert grave opp på ein eigedom.



TIPS




Å ta kontakt med personar med kunnskap og interesse i området kan vera viktig.

Lokal kunnskap kan belysa sakene og medverka til at forvaltninga får ei betre sakshandsaming.

4. Interesser forvaltninga må ivareta

Handtering av søknader om jord- og steinmassar og interesser kommunen må ta omsyn til:




Figur 4.1: Samspelet mellom kommunen, entreprenør og grunneigar.

Når forvaltninga får inn ein søknad om å ta imot jordmassar, er dialogen mellom kommunen, entreprenør og grunneigar viktig. Figur 4.1 illustrerer samspelet der det bør vera kontaktflater mellom alle partar. Dette er med på å sikra at alle har god forståing for kva som er avtalt og forventa, og at lov og føresegner vert følgt opp. Tillit er viktig, og godt samarbeid mellom fagkretsane kan bidra til at den aukar.

Utfordringane med desse sakene, er at det er mange interesser og at det er mange lowerk som vert aktuelle, og det krev ei tverrfagleg tilnærming. Forvaltninga i kommunen må ta omsyn til fleire interesser og passa på at utviklinga følgjer lov og føresegner. Under handsaming av søknader om mottak av jordmassar er det viktig å vurderer alle interessene som gjer seg gjeldande og tenkja heilskap. I figur 4.2 er dette illustrert.

Handtering av søknader om jord- og steinmassar og interesser kommunen må ta omsyn til:



Figur 4.2: Interesser kommunen må ta omsyn til.

Dei ulike interessene finn ein att både i lover, føresegner og i den daglege forvaltninga. Sjølv om handtering av jord- og steinmassar i fleire tilfelle er eit lite og snevert fagfelt, er det mange utfordringar ein kan unngå ved å vurdera sakene i ein større samanheng.

Enkelte tiltak er unnateke søknadsplikt til dømes vanlege jordbrukstiltak som grøfting, pløying og flytting av masser internt i mindre omfang.

Etter bakkeplaneringskapittelet i ureinings-føresegna er eit tiltak søknadspliktig når omfanget er på meir enn eit dekar. Kor tid eit tiltak vil vera søknadspliktig etter plan- og bygningslova, vil variera med tiltaket si lokalisering og omfang. For å vurdera tiltak som er søknadspliktige, må kommunen avklara fleire moment og sjå på konsekvensar og risiko, og vega fordelane opp mot ulempene.

I dette kapitelet kjem me til å gå nærare inn på fleire av desse interessene og sjå på loverket og dei erfaringane som er gjort i Nordhordland.

4.1 Landbruk og samfunnsnytte

Landbruksområde vert vist som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. I LNF-område er det lov med byggje- og anleggsverksemd som har direkte tilknytning til stadbunden næring. Dette omgrepet er knytt til bygningar, anlegg eller bruk som det av omsyn til drift av næringa er naudsynt å plassera på staden. Anna næringsverksemd basert på utnytting av garden sitt eige ressursgrunnlag, vil også inngå i landbruksbegrepet (jf. Landbruk Pluss - rettleiar:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/plan-og-bygningsloven-og-landbruk-pluss-/id106411/>).

Kriterier som bør vera oppfylt for at tiltaket skal inngå i LNF-kategorien

For at tiltak skal inngå i LNF-kategorien, må tiltaket vera knytt til produksjon på garden eller den trong garden har for varer og tenester. Er tiltaket naudsynt i samband med anna næringsverksemd knytt til jordbruk, skogbruk, reindrift, yrkesfiske eller liknande, er dette og innanfor

TIPS


LOKALE KREFTER

Tradisjonsfirma i Nordhordland har stor tillit blant bønder. Det kan vere lurt å nytta entreprenørfirma som har god kunnskap om lokalområdet.



LNF-kategorien. Verksemd som er basert på - og tilpassa garden sitt eige ressursgrunnlag, til dømes bruk av fôr, plantar, tre, blomar, frukt, grønnsaker og andre råvarer produsert på garden, samt vidareforedling og/eller sal av desse, er og innanfor.

I LNF-området kan ein driva vanleg jordbruksdrift, dvs. at drift- og vedlikehald av areal og bygningar normalt sett ikkje er søknadspliktig. Jordarbeid, gjødsling, såing, grøfting, reinsking av kanalar, beiterydding og mindre flytting av jordmassar er døme på dette. Døme på søknadspliktige tiltak er: større mottak av massar, bygging av landbruksveggar, nydyrking, bakkeplanering, uttak av stein, grus og sand og liknande.



Jordlova

Jordlova har som føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog, fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verta brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23>).

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området, og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk, inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Lova vektlegg driftsmessige gode løysingar, og det er ein klar føresetnad at dette må skje

på ein måte som ivaretek miljø. Forvaltinga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor, og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.

Jordlova har reglar om omdisponering av dyrka jord og om deling av landbrukseigedom. Dersom eigaren av ein landbrukseigedom ynskjer å bruke dyrka jord til anna enn jordbruksproduksjon, må det søkjast om løyve til dette. Dersom det skal tilførast

jordmassar på allereie dyrka mark, og det er tale om relativt kort tid, til dømes 2-3 år, er det ikkje naudsynt med omdisponering etter jordlova.

Store prosjekt der areala vert tatt ut av jordbruksproduksjon over mange år, vil derimot normalt krevja omdisponeringsløyve. Eit tips kan vera at dersom tiltaket krev dispensasjon etter plan- og bygningslova, vil det ofte trengja handsaming etter jordlova. Aktive bønder som søkjer om produksjonstilskot må på søknaden sin, føra areal omfatta av jordpåfylling som at arealet er ute av drift. Etter same føresegn kan dei heller ikkje gjera inngrep i kulturlandskapet utan løyve frå kommunen. Er det gitt løyve til jordpåfylling etter anna lovverk, vil dette vera godt nok ivareteke, og treng difor ikkje handsamast som eige sak.

Landbruk og samfunnsnytte

Utbygging er ei ønska utvikling i mange kommunar, og ofte eit resultat av omfattande planprosessar og politiske avgjersler. Det er utbygging som genererer overskotsmassar og soleis er det av interesse for samfunnet å handsama dei på ein berekraftig måte.

Landbruk er ein av fleire moglege bruksområde, og kva arealet skal brukas til i etterkant er eit vesentleg spørsmål både når det kjem søknadar om å ta i mot jordmassar, men også når ein arbeider med større kommuneplanar. Det er viktig å ha i tankane korleis vi ønskjer at landskapet skal sjå ut, at påføring av jordmassar kan vere med å forme landskapet og korleis ta vare på og utvikla landbruksareal.

Tilføring av jordmassar kan gje langsiktig verdiauke og effektiviseringsvinst for gardsbruket:

- Auka kvalitet av areala
- Meir avling
- Meir maskinland
- Meir lett drivne areal
- Kortare avstand til driftssenter medfører mindre transport
- Interne driftsveggar gjev mindre jordpakking og trakkskader, og dermed mindre avrenning
- Auka inntektspotensiale i landbruket
- Mindre utslepp av klimagassar frå grasdekte areal

Langsiktig og langvarig plassering av overskotsmassar er fornuftig for samfunnet og kan ha mange positive effektar for landbruket dersom arbeidet vert gjort rett. Veldrive og godt

TIPS

ØKONOMI

Det skal innsats til for å få positive effektar. Kostnaden med å få opparbeidd eit grovplanert areal til fulldyrka jord ligg erfaringsvis mellom kr 20 000 – 25 000 pr. dekar.



landbruksareal kan ha mindre utbyggingspress og hjelpe til stortingsmålet om vern av jord. Konsekvensane dersom det vert gjort på feil måte kan vera store for samfunnet, t.d. varig skade på bekkar, plantar og dyreliv.

Klimaperspektivet

Ved utbygging er det viktig ikkje å røra område som har lagra mykje karbonstoff i seg, til dømes djup myr. Dette gjeld særleg område med store mengder torv. Slike myrområde har viktige biologiske og klimamessige funksjonar og det bør difor ikkje fyllast massar her.

TIPS

TILSÅING ER VIKTIG

Grøne areal har mindre klimautslepp og difor er rask tilsåing på areal som er ferdig, og årleg tilsåing på areal som er under arbeid, viktig.



Ved all massehandtering er det ein fordel å få til ei permanent plassering, og helst på stader som kan nyttast til landbruksproduksjon, eller til dømes i parkområde eller vegskråningar der ein treng massar for å etablere eit plantedekke. Når det gjeldt torvjord, må ein vera merksam på at den inneheldt store mengder Co² som vil frigjerast over tid dersom den kjem i kontakt med luft. Det beste er sjølvstøtt å unngå å ta i bruk myr/våtmarksområder, men om dette ikkje er mogeleg, bør ein i alle fall prøva å dekke torvjorda med eit 30-50 cm tjukt lag med høveleg mineraljord. Dette vil både redusere utsleppet av klimagassar, og leggje grunnlag for eit meir varig jordbruksareal.

Transportavstanden bør vera så kort som mogeleg for å redusere karbonavtrykket og store lastebilar treng gjerne færre køyreturar. Fortrinnsvis bør ein finne eit område i nærleiken av overskotsmassane med varig landbruksproduksjon eller liknande, slik at massane verken må flyttast over lange avstandar eller til nye stader.

4.2 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, men og lokalitetar som er knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon. Kulturmiljø er områder der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

Reglane om kulturminne og kulturmiljø gjeld så langt det passar, også for botaniske, zoologiske eller geologiske førekomstar som har kulturhistoriske verdiar. Til dømes kan dette vera automatisk freda kulturminne som

steinalderbusetjingar, gravminne, rydningsrøyser, vegfar og eldre buplassar.

Kulturminnelova

I lov om kulturminner (Kulturminnelova) står det under § 1:

«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet»

(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>).

Ingen må utan at det er lovleg etter § 8 i kulturminnelova setje i gong tiltak som er eigna til å skada, øydeleggja, grava ut, flytta, endra, tildekka, skjula eller på annan måte utilbørleg skjemma automatisk freda kulturminne eller framkalla fare for at dette kan skje.



Det er viktig for forvaltninga å vita om § 9 i lova: *«Ved planlegging av offentlige og større private tiltak plikter den ansvarlige leder eller det ansvarlige forvaltningsorgan å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk fredete kulturminner på en måte som nevnt i § 3 første ledd, jfr. § 8 første ledd.»*

Dei som med forsett eller uaktsamtheit bryt kulturminnelova, kan verta straffa. Det gjeld også for forvaltninga.

Handsaming i forvaltninga

Dersom det skal takast i mot jord- og steinmassar til forbetring av jordbruksareal, må det avklarast om det er automatisk freda- eller verneverdige kulturminne i området eller i nærleiken. Alle omsøkte tiltak bør sendast til uttale til både fylkeskommunen og kulturansvarleg i kommunen.

Fylkeskommunen har ansvar for å vurdere og gje fråsegn til tiltak og planar som rører ved automatisk freda kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi. Tiltak som kan råka ved nyare tid sine kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av lokal verdi skal handsamast av kommunen. Dette kan t.d. vera steingardar, bakkemurar, historiske vegar, steinsetjingar, eldre bygg og tufter.

Dersom det vert oppdaga kulturminne under arbeidet, må arbeidet stoppast og funnet meldast til fylkeskommunen. Forvaltninga må vera bevisst på at kulturminne og kulturmiljø er ein ressurs som samfunnet og grunneigarane saman må forvalta på ein samfunnsgagnleg måte.



4.3 Naturmangfald

Naturmangfald er biologisk-, landskapsmessig - og geologisk mangfald, som i hovudsak ikkje er eit resultat av påverknad frå menneske. Naturmangfaldet er difor alle livsformer og deira leveområde, inkludert biologiske prosessar og økologiske funksjonar på ulike nivå. Ved mottak av jord- og steinmassar må kommunen vurderer korleis tiltaket kan påverka naturmangfaldet.

Naturmangfaldlova

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

(Naturmangfaldlova § 1, <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>).

Lovens formål kjem fram i §1 og kommunane er etter naturmangfaldslova § 7 pålagt å vurderer tiltak ved mottak av overskotsmassar etter lova sine §§ 8-12 (kap.2). Dei skal leggast til grunn dersom det er spesielle naturverdiar i området eller i nærleiken. Klima- og miljøverndepartementet har utarbeidd ein rettleiar til naturmangfaldslova kapittel 2, og denne bør nyttast i vurdering og handsaming av eit omsøkt tiltak

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/naturmangfoldloven-kapittel-ii/id2481368/>).

Kommunane må sjekke dei lokale høve og denne informasjonen er lett tilgjengeleg i offentlege kartkjelder. Mykje informasjon finn ein på gardskartet, men det bør supplerast med naturbasen og artsdatabanken sine artskart (sjå kjelder nedanfor). Mange kommunar har gjennomført egne registreringar og kartleggingar, til dømes av vilt, fuglar, fisk eller amfibiar. Desse er ikkje alltid digitalisert inn i kart, men dei kan vere gode kjelder til informasjon for å kunna opplyse ei sak best mogeleg.

Dersom det er registrert spesielle naturverdiar i eit område eller i nærleiken av eit planlagt tiltak, må kommunen gjere ei vurdering av korleis desse vert påverka av tiltaket. Kva påverknad tiltaket medfører på naturmangfaldet vil variera ut i frå

mange ulike tilhøve. Dette kan vere vanskeleg å vurderer, og det kan vere nyttig å rådføra seg med Fylkesmannen si miljøvernavdeling. Fare for spreiding av framande artar er eit tilhøve ein må vera bevisst på.

Boersvineblom (Senecio inaequidens) – døme frå Bømlo

Boersvineblom er eit døme på ein framand art med stor spreidingsevne. Den dannar tette, meterhøge, buskliknande bestandar i kantsoner, på skrotemark og på berg, og kan også etablera seg på kulturmark. Den er giftig for beitedyr. Arten kom til Bømlo truleg i 1988 eller -89, men vart først oppdaga av ein amatørbotanikar i 2002. Då hadde den spreidd seg over store delar av hamneområdet i Mosterhamn og i området rundt, og hadde tydeleg blitt til irritasjon for enkelte fastbuande. Nokre frø hamna i eit sandlager, og brått byrja plantar å dukke opp på industriallegg og nye bustadfelt fleire stader i kommunen. Den har òg blitt funnen i haugar med dumpa kostesand.

Sidan 2011 har fylkesmannen leigd inn eit lokalt firma for bekjemping av boersvineblom i Bømlo.



Boersvineblom frå Bømlo», Fotograf: Olav Overvoll

TIPS

UTTALE

Å sende saker til uttale er svært nyttig. Ofte kan det vere lurt å sende ut til fleire høringsinstansar. Særleg Fylkesmannen og Fylkeskommunen er aktuelle. Vegvesenet må og vurderast i forhold til avkøyring og vegstandard.



Samla kostnad så langt ligg på vel 700.000 kr. Erfaringsvis er det ei utfordring å få lokale entreprenørar og kommunen til å ta situasjonen på alvor, slik at det blir sett inn tiltak for å hindre vidare spreiding.



Rynkeroser - Rosa Rugosa er forbudt.

Viktige kjelder til informasjon om naturmangfald

- Klima- og miljødepartementet sin vegvisar i miljølovverket:
https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kld/lover_regler/retningslinjer/2010/veiviser-i-miljolooverket/lover/naturmangfoldloven/id628385/
- Regjeringa si rettleiar til naturmangfoldlova kapittel 2:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/naturmangfoldloven-kapittel-ii/id2481368/>
- Miljødirektoratet sin naturbase:
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>
- Nibio gardskart:
http://www.skogoglandskap.no/kart/gardskart_pa_internet
- Artsdatabanken sitt artskart:
<http://artskart.artsdatabanken.no/default.aspx>
- Vegvisar i kommunal miljøforvaltning:
<http://www.miljokommune.no/>
- Kommunen sine egne rapportar/kartleggingar/registreringar av naturmangfald og naturverdier.

4.4 Forureining

Lov om ureining og forskrifta

Føremålet med lov om vern mot ureining og avfall er å «verne det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall»

(Forureiningslova § 1, <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6>).

Lova omtaler blant anna kva som er meint med forureining, avfall, akutt forureining, meldeplikt og tilsyn. Lova skal ivareta at det er ein forsvarleg miljøkvalitet, slik at ureining og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivsel eller skadar naturen.

I utgangspunktet treng ein ikkje løyve etter forureiningslova dersom utfylling av reine massar vert gjennomført på ein slik måte at det ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Forureiningsforskrifta kap. 4 omhandlar mellom anna planeringsfelt, som er arbeidet med å gjera kupert dyrkbart eller tidlegare dyrka mark eigna for maskinell jordbruksdrift

(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931>).

Drikkevasskjelde og vassdrag

Mange vassdrag i nærleiken av kulturlandskap og landbruksareal har i dag ei uheldig utvikling etter tilføring av næringsstoff gjennom mange år.

Varmare klima og auka tilføring av næringsstoff gjennom store mengder med nedbør på kort tid, fører mange stadar til reduksjon av vasskvaliteten. Algeoppblomstring av blågrønalgar kan verte ein av dei uheldige konsekvensane. Difor er det viktig å hindra og redusera tilførsel av næringsstoff til vatn og vassdrag. Sårbare og sjeldne artar, som t. d. elveperlemusling, i vassdraga gjer at ein må vere særleg varsam med korleis ein handterer massane og hindra avrenning.

TIPS

REGN

Mykje av massane i Nordhordland er myrjord og dei treng ofte liggja fleire år før dei kan brukast.

Det kan vera vêrtilhøve som forsinkar arbeidet, og det er ikkje ideelt å arbeida med jord i nedbørrike periodar.



Mellom anna bør massehandtering:

- ikkje tillatast i nedslagsfeltet til drikkevasskjelder eller potensielle framtidige drikkevasskjelder,
- ikkje tillatast i nedslagsfelt til vassdrag/vatn som ikkje er påverka av menneskeleg aktivitet frå landbruksdrift eller avlaup frå folk,
- ikkje skje i nedslagsfelt til brønner eller der det er borehol etter vatn.

Bakkeplanering og massehandtering bør berre tillatast i kulturlandskap der det ikkje er fare for at vassstilstanden vert forverra, eller ikkje kjem i konflikt med EU sitt vassdirektiv og vassregionarbeidet si målsetjing.



Lenke til vassforskrifta: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-12-15-1446>

4.5 Nærmiljø: friluftsliv, transport og tryggleik

Avhengig av nærleik til naboar bør det vurderast å setja vilkår om driftstider eller andre tiltak for å redusera støv og støy. Dersom det er naboar som skule, barnehage og bustadfelt, eller trafikken vil gå langs skuleveg, kan det til dømes setjast vilkår at det ikkje skal vera transport ved skulestart/skuleslutt.

Friluftsløva

Lov om friluftslivet (friluftsløva) skal sikre retten for ferdsel i naturen og verne om friluftslivet sitt naturgrunnlag (§ 1, <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>).

Landbruket sine areal vert i stor grad nytta til friluftsliv, og dette må forvaltinga ta omsyn til. Tiltaka kan påverke friluftsopplevinga, og blant anna bør støy vurderast mot stille område i vurderinga. Jordpåfylling må planleggast og gjennomførast slik at det i minst mogleg grad oppstår konflikter. Samstundes er ferdsel i slike område viktig marknadsføring for landbruket, og det er viktig at moglegheit for å utøve friluftsliv vert fremma i kulturlandskapet. Erfaring syner mellom anna at landbruksveggar ofte vert nytta som turveggar. I samband med jordpåfylling vert det gjerne bygd interne driftsveggar, og ein ser mange stadar at dette kan gje auka ferdsel.

Tryggleik


Det er viktig at tryggleik vert teke i vare og det er fleire vurderingar ein bør gjere av omsyn til dette. Det kan mellom anna vera fare for utgliding dersom massane er blaut myrjord. Likeeins kan massar som ligg og tørkar vera farleg for born og husdyr som går ut på dei. Sikring av tippkantar er eit anna moment. Bruk av vilkår kan vera aktuelt visst forvaltinga vurderer at det må setjast særlege krav til tryggleiken på staden.

Transport

Erfaringa frå Nordhordland er mellom anna at kort transport utanom offentlege veggar er det som gjev minst konflikter i høve til resten av samfunnet. Kan ein klara å få til slike løysingar kan det vege opp for andre ulemper. Fokus bør vera korleis ein kan sikra best mogleg plassering av massane lokalt, samstundes som ein unngår unødig køyring og mellomagring. Dette gjev gevinst både for entreprenøren som sparar pengar på transport og samfunnet som unngår ureining og slitasje på vegsystem.

Viktige moment å ha med seg:


- Det kan vera naudsynt å søkja om avkjøringsløyve etter veglova. Slike løyve vert gitt av eigaren av vegen; kommunen for kommunale veggar eller statens vegvesen for fylkes- og riksveggar.
- Kva akseltrykk vegen er godkjent for, tal akslingar, og om ein har lov å kjøra med bil og hengar er og viktig å sjekka ut, jf. veglister.
- Sjølv om vegen er godkjent for planlagt kjøring, er tilhøvet til mjuke trafikantar noko forvaltinga må ha med seg. Smale veggar som og er skuleveg er sjeldan ein god kombinasjon.
- I samband med køyring av blaute massar kan vegbana verta tilsølt. Gode rutinar for rydding av vegbana er difor viktig for å hindra ulykker.



4.6 Konklusjon

Under er nokre moment som Nordhordland har erfart som viktige for å få til god jordmassehandtering:

- God dialog mellom kommune, grunneigar og entreprenør.
- Tverrfagleg tilnærming og samarbeid.
- Kartlegging av aktuelle bruksområde/ eigna stader, t.d. landbruksareal, skogsvegar, andre samfunnsnyttige føremål.
- Definerer av samfunnsnytte/positive effektar som tiltaket kan gje.
- Sjekk ut moglege konflikhtar i høve til ureining/avrenning, naturmangfald, kulturminne, friluftssinteresser, transport, naboar og tryggleik.



Figur 4.3: Tiltaket – verknad og risiko

5. Saksgang og planverktøy – erfaringar frå Nordhordland

Det er viktig for forvaltninga å finna rett lov å heimla eit vedtak i. Synfaring og dialog med søkjar og innspel frå naboar og andre offentlege instansar kan hjelpe forvaltninga til å finna rett lovverk i ei sak. Ein må ofte gjere ei heilskapleg vurdering om korleis ei sak bør handsamast formelt. Modellen under kan hjelpe forvaltninga til å finna den rette saksgangen og kva lov/føresegner som kan brukast i ei konkret sak. Her bør kvar kommune gjere ei avklaring om saksgangen mellom dei ulike avdelingane.

Tiltak som har mindre omfang enn 1 dekar og lågare påfyllingshøgde enn 3 meter vil i visse høve vera fritatt søknadsplikt etter Ureiningsforskrifta kapittel 4 og Plan- og bygningslova. Det kan framleis vera moment/interesser på ein stad som medfører at eit tiltak vil vera søknadspliktig sjølv om omfanget er mindre enn 1 daa og 3 meter påfylling.

Praktiske tips for å finna rett verktøy (saksgang)

I dette kapittelet vert dei ulike verktøya gjennomgått, men først er det viktig å poengtere samarbeidet ein bør ha på tvers av fagfelta.

5.1 Samarbeid på tvers av fagfelt

Er saka av ein slik karakter (stort terrenginngrep, høg risiko, kompleks o.l.) at den ikkje kan handsamast etter bakkeplaneringsforskrifta er det viktig å samarbeide på tvers av fagfelta byggesak, plan, miljø og landbruk. Det å samla desse faginstansane så tidleg som mogeleg er nyttig. Ei synfaring saman med søkjar er ofte ein god start. Det beste er om søkjaren før synfaringa kjem med ei skriftleg skildring av prosjektet saman med kart der det aktuelle arealet er teikna inn med profilar.

Vanleg praksis i slike saker er ofte at grunneigar tek kontakt med landbruksforvaltninga og presenterer saka. Tiltak etter Kapittel 4 i «Forskrift om begrensning av forurensning» (ureiningsforskrifta) krev ingen ansvarleg entreprenør på tiltaket

(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6>).

Difor ynskjer ofte grunneigar at saka vert handsama etter denne føresegna. Hos landbruksforvaltninga kan dei få rettleiing om kva kommunen treng av skriftleg informasjon og eventuelt kven som kan hjelpe med fagleg rettleiing ved planlegging av massehandteringa.

Etter ei intern drøfting må plan-, miljø-, byggesak- og landbruksforvaltninga bli samde om kva lovverk saka skal handsamast etter.

Planforvaltninga har ansvaret for sakshandlinga i reguleringsplanar. Ved oppstartmøte før ein reguleringsplan bør miljø- og landbruksforvaltninga inviterast med for å sikre at det vert sett krav om ein god plan for bruk av overskottsmassar i utbygginga.

TIPS

DIALOG

Forvaltninga i kommunen må ha god dialog med grunneigar og/eller entreprenør, og må raskt involvere byggesak og plan-, og miljøforvaltninga dersom saka er for stor eller kompleks til å handsamast etter t.d. ureiningsforskrifta.



Å finne rett verktøy

1

NYDYRKNINGSFORSKRIFTA

- I tråd med arealformål
- Der arealet er udyrka.
- Skal dyrkast til fylldyrka eller overflatedyrka
- Stadeigne massar

2

UREININGSFORSKRIFTA/BAKKEPLANERING

- I tråd med arealformålet
- Mindre omfang opptil 10-15 daa
- < 3 meter påfyllingshøgde
- Kort tid 2-3 år
- Kontroll på overflatevatn og avrenning
- Opphavsstad for massane er kjent
- Transport ikkje problematisk
- Små ulemper for naboar
- Aktiv bonde som styrer og kontrollerer tippen

3

SØKNAD ETTER PLAN-OG BYGNINGSLOVA MED ANSVARRETT

- Stort omfang over tid
- Nær senter/bustader
- Vesentleg terrenningrep
- Stor ulempe for miljø
- Påverka landskap, ureining og naturmangfald
- Ulemper for naboar
- Problemfylt tilkomstveg og transport
- Entreprenør som styrer og kontrollerer tippen
- Må vere i samsvar med plan, jf. pbl. § 1-6

4

SØKNAD OM DISPENSASJON

- Tiltak med lang anleggsfase (planføremålet midlertidigt vert sett til side)
- Statlege interesser kan verta berørt så det er trong for høyring
- Plankrav vil ta for langt tid for å få på plass ei god løysing lokalt eller regionalt
- Innvilga dispensasjon krev søknad om tiltak jf. punkt 3 over.

5

REGULERINGSPLAN/KOMMUNEPLAN

- Tiltak som har vesentleg verknad for miljø og samfunn
- Langvarig
- Stort omfang
- Mange som vert berørt
- Mange usikre moment
- Stort transportbehov over mange år



5.2 Forskrift om nydyrking

Føremålet med forskrift om nydyrking er å sikra at nydyrking skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskapet

(https://lovdata.no/dokument/SF_forskrift/1997-05-02-423).

Det skal leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilete. Det skal og leggjast vekt på å sikra driftsmessige gode løysingar.

Som nydyrking reknar ein fulldyrking og overflatedyrking av udyrka mark eller gjenoppdyrking av jordbruksareal som har lagt unytta i over 30 år. Opparbeiding av overflatedyrka mark til fulldyrka mark vert ikkje rekna som nydyrking. Med overflatedyrking meiner ein rydding og sletting av overflata slik at maskinell hausting er mogeleg. Det må søkjast på eige skjema til kommunen for dette der det skal liggja føre ein plan for tiltaket

(<https://www.slf.dep.no/no/eiendom-og-skog/eiendom/nydyrking/skjema>).

TIPS

Konfliktpotensialet er ofte avgjerande for om denne forskrifta kan nyttast. Kommunen må difor vurdere kva moglege konsekvensar tiltaket kan ha. Blant anna:

TRANSPORT

Målet må vera kortast mogleg transport og til minst mogleg sjenanse for andre trafikantar. Utbygging/ anleggsarbeid generer massar og forvaltinga må difor i kortare periodar godta at det t.d. er anleggstrafikk, men det må sjåast på i høve til mjuke trafikantar som skuleborn.

AVKJØRINGSLØYVE

Kva type veg skal transporten foregå på? Mange fylkes- og riksvegar har ikkje gang- og sykkelvegar.



Det vert lagt særleg vekt på den verknaden nydyrkinga har for verdiane i natur- og kulturlandskapet, og miljøverdiar skal vurderast. Det vert og lagt vekt på om det er ynskjeleg å styrkje driftsgrunnlaget for driftseininga. Utfallet av søknaden vil avhenge av korleis kommunen veg momenta i høve til kvarandre, slik det er peika på i kapittel 4.

Nydyrkingsforskrifta er ikkje laga med tanke på at det vert tilført massar utanfrå, og difor må ein vurdere om det er interesser som ikkje vert godt nok ivareteke etter dette lowerket. I Nordhordland har ein i liten grad handsama jordpåfyllingssøknader etter nydyrkingsforskrifta.

5.3 Forskrift om forureining (bakkeplanering)

Kommunane i Nordhordland har gjerne brukt «Forskrift om begrensning av forurensning» (ureiningsforskrifta vert ofte referert til som bakkeplanering) i mange mindre saker

(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931>).

Kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt i forskrifta gjev heimelen til slike tiltak.

Jordbruksteigane i Nordhordland er ofte små og prosjekta er vanlegvis rundt 5-10 daa. Felles er at det er tiltak som er innanfor landbruksbegrepet i kommuneplan og difor treng ein ikkje dispensasjon. Søknadane gjeld ofte påfylling av eksisterande jordbruksareal som har blitt kupert

og grunnlendt på grunn av naturleg jordsvinn, og det er vanlegvis ein bonde med aktiv drift som står ansvarleg. Påfyllingshøgda bør vera mindre enn 3 m; det vil seie eit terrenngrep som ikkje er vesentleg. Saker av større omfang vert handsama både etter Plan- og bygningslova og etter forskrift om forureining. Alle planeringsfelt skal vera utført i samsvar med «Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt» fastsatt av Landbruksdepartementet

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tekniske-retningslinjer-for-anlegg-drift/id87381/>).

At bonden sjølv kan vera ansvarleg har mange fordelar. Erfaringa i Nordhordland har vist at bonden har ofte god kontroll på at massane er reine, og ofte reiser og ser på kor massane kjem frå på førehand. Arbeidet vert i større grad utført med tanke på at det skal drivast jordbruk etterpå. Dette er særleg viktig når det gjeldt både sortering av massar, myrjord som må liggja og renna av seg, stein som kan brukast til veg, og matjorda som bør leggjast på toppen. Overvatn må takast hand om med avskjeringsgrøfter og det må planleggast profilering/drenering av det ferdige arealet. Plan for internvegar som kan brukast som driftsvegar seinare, bør vera på plass. Vegane kan lagast på ein slik måte at dei fungerer både som vegar og som vollar for å hindra utgliding av massar og avrenning. Andre tiltak for å hindre avrenning kan vere enkle fangdamer og at areal som ikkje er ferdig vert tilsådd.

Vilkår

Ureiningsforskrifta er god på ivaretaking av miljøomsyn. Den gjev heimel til å setja vilkår om til dømes reine massar, avrenning, overflatevatn, støy, transport og estetikk. Kommunen kan setje krav til tiltaket og ta med dei punkta dei meiner

TIPS

ANSVAR

Ureiningsforskrifta tek i liten grad omsyn til naboulempa og grunneigar sit med ansvar for tiltaket.



er naudsynte i vedtaket. Føresegna inneheld og heimel til å gje pålegg i samband med arbeidet eller til å stoppa det heilt.

Det er ikkje noko direkte heimel for å varsle naboar som kan verta berørt av tiltaket i ureiningsforskrifta, men forvaltinga kan be om at dei vert varsle. God informasjon og dialog med naboar er ofte viktig for suksess. Dei tåler meir ulemper i anleggsperioden visst dei veit at det skal verta eit flott grønt jordbruksareal etterpå og dette kan førebyggja konflikhtar.

5.4 Plan- og bygningslova

«Lov om planlegging og byggesaksbehandling» (plan- og bygningslova, pbl.) skal fremja

berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar

(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>).

Planlegging etter lova skal bidra til å samordna statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Byggesakshandsaming etter lova skal sikra at tiltak vert i samsvar med lov, forskrift og planvedtak.



Søknad om løyve til tiltak

Byggesak handsamar saker om terrenginngrep etter plan- og bygningslova § 20-1 k. «vesentlege terrenginngrep» og sender saka på høyring til planforvaltinga og landbruksforvaltinga. Søknad om løyve til jordplassering vil normalt vera eit tiltak som set krav om ansvarsrettar. Krav om ansvarsrettar skal sikre at dei som utførar arbeidet er kvalifisert og har kvalitetssikringssystem som gjev god kvalitet i det utførte arbeidet. Ansvar vert altså i hovudsak flytta frå grunneigar til det eller dei firma som har fått tildelt ansvarsrett.

Sjølve søknaden vert sendt inn av ansvarleg søkjar, og den som skal vera ansvarleg søkjar må ha kompetanse til å stå for sjølve søknaden, samt følgje opp dei andre ansvarlege i prosjektet. I tillegg til ansvarleg søkjar, er det krav om ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og eventuelt ansvarleg kontrollerande. Eksempel på typiske ansvarsområde i ein søknad om jordplassering kan vera grunnarbeid, landskapsutforming, geoteknikk, VVS, med fleir. Det er i hovudsak ansvarleg søkjar som vurderer kva ansvarsområde som er aktuell i den einskilde saka.

Vidare skal søknaden gjere greie for utforming av tiltaket. Dette kan i tillegg til dei aktuelle søknadsskjema vera situasjonsplan/kart, profildeikningar, typiske snitt, lengdeprofilar, med meir. Når arbeidet er avslutta vert det gjeve ferdigattest for arbeidet. Kommunen kan både før og etter at ferdigattesten vert gjeve føre tilsyn med alle delar av prosjektet, både den fysiske utføringa, prosjekteringa, samt om styringssystem og liknande er korrekt brukt. Dette er med på å sikre ytterlegare kvalitet i det utførte arbeidet.



5.5 Søknad om dispensasjon

Mynde til å gje dispensasjon ligg hos kommunen. Dispensasjon krev grunngjeve søknad og kommunen kan gje varig eller mellombels dispensasjon. Kommunen skal med heimel i §19-1 senda dispensasjonssøknaden til uttale til berørte regionale styresmakter. Dette er vanlegvis Fylkesmannen, Fylkeskommunen eller til dømes Statens vegvesen. Dersom tiltak ikkje er i samsvar med lov, forskrift eller plan, må tiltaket avklarast i høve til dette, eventuelt gjennom at det vert fatta dispensasjonsvedtak for dei aktuelle krava/planane.

Eit positivt vedtak om å dispensera frå planar, plankrav og arealformål må grunngjevast med heimel i plan- og bygningslova. Kommunen skal og vurdere omsøkte tiltak etter prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova, og dette skal leggjast til grunn ved vurderingane i saka. Positive vedtak i dispensasjonssaker skal alltid sendast til Fylkesmannen til klagevurdering.

Dispensasjon i forhold til arealføremålet og plankrav

Eit vedtak om dispensasjon frå arealføremålet vert heimla i pbl. § 19-2 jf. § 11-6. Ved hand-saming av dispensasjonssøknaden skal det vurderast om dei omsyna som ligg bak arealføremålet i kommuneplanen vert vesentleg tilsidesett. Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsløyvet vert klart større enn ulempa, jf. pbl. § 19-2 andre ledd. Nasjonale og regionale rammar og mål skal leggjast til grunn for veging av interesser. Dispensasjon i forhold til arealføremålet er gjerne større areal som i ein periode vil verta bandlagt til andre arealføremål enn

kva gjeldande kommuneplan viser arealet skal brukast til.

Tidsfaktoren og kostnadane med å laga ein reguleringsplan gjer at mange kvir seg med å gå i gang med ein planprosess. Det kan difor vera fleire årsaker til at det bør gjevast dispensasjon frå eit plankrav. Eit vedtak om dispensasjon frå plankrav vert heimla i pbl. § 19-2 jf. § 12-1. Det må vurderast grundig om omsøkt tiltak er for stort og omfattande til at det kan gjevast dispensasjon frå plankravet. Om vurderinga er at omsyna bak pbl. § 12-1 i saka ikkje vert vesentleg tilsidesett kan forvaltinga dispensera for plankravet. Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsløyvet vert klart større enn ulempa, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Bruk av vilkår

I dispensasjonssaker er det vanleg å ta med vilkår som kan vera naturlege krav og styrande for løyvet. Det kan vera krav til ferdigstilling, krav til avslutting av arbeidet, tidsperiode for anleggsdrifta, krav om reine massar, låsbare portar på anleggsveg og gjerde omkring anleggsområde. Det er viktig å få med vilkår som hindrar/redu-serer ulempe for naboar og reduserer faren for avrenning til vassdrag og brønnar. Vilkår for dispensasjonen er heimla i pbl. § 19-2.



5.6 Planverktøy Kommuneplan/ kommunedelplan

Kommunane bør i samband med kommuneplanarbeidet be om innspel til stadar der varig massehandtering for landbruksproduksjon kan vera aktuelt, særleg i nærleiken av nye utbyggingsområde. Kommunane bør sjølv gå aktivt ut å kontakta grunneigarar som kan ha eigna stadar. Desse områda må konsekvensutgreiast (KU vurdering) i samband med kommuneplanarbeidet. Etter KU vurderinga er gjort vert det vurdert om areal for massehandtering skal leggjast inn som arealformål i arealdelen i kommuneplanen. Dette kan vera som omsynsoner i LNF-område, LNFR spreidd næring (SN) eller område for Bygg og anlegg (D).



Dømer på føresegner til kommuneplanen kan vera:

- På areal til spreidd næring kan tiltak som har direkte tilknytning til primærnæring tillast, med unntak av mineralutvinning.
- Det kan gjevast fritak frå kravet til reguleringsplan jf. pbl. § 11-9, nr 1, for følgjande tiltak: Plassering av jord- og torvmassar som skal nyttast direkte til landbruksproduksjon i LNF område.

Kommunedelplan for massehandtering

– Døme: Lindåsneset med Mongstad

I 2014 starta Lindås kommune prosessen med ein kommunedelplan for «Massehandtering – Lindåsneset med Mongstad». I planen ser kommunen på moglege område for deponering av massar, derunder jordforbetringstiltak innafor landbruket. Reine deponiområde og deponeringsmåtar vert også vurdert. I dette området på og omkring Mongstad er store areal avsett til næringsområde. Det er difor eit viktig tema i denne kommunedelplanen å finna stadar til varig plassering av torv- og jordmassar, gjerne der landbruket kan ha stor nytte av dette.

Detaljregulering og områderegulering

Det vert ofte sett krav om reguleringsplan (plankrav) i samband med større tiltak. Dette med heimel i plan- og bygningslova §12-1. Massehandtering kan utløysa eit slikt plankrav frå det offentlege. Omfanget av massehandteringa, moglege uheldige konsekvensar, avbøtande tiltak, rettstryggleik, vesentlege nasjonale og regionale interesser som kan verta råka kan gjera at det vert krav om reguleringsplan. Kvar sak må vurderast for seg i forhold til nabotilhøve, miljøutfordringar, stad og kva avklaringar som bør gjerast.

Dersom det skal vera utbyggingar med overskotsmasse bør kommunen prøva å finna område for varig plassering av massar eigna til landbruksproduksjon innan planområdet. Dersom dette er løyst gjennom kommuneplanarbeidet, og område for massehandtering er i nærleiken av planområdet og kan køyrast dit utan at det førar

til vesentleg ulempe for folk og miljø, kan dette godtakast. Plan for massehandtering må inn i føresegnene til reguleringsplanen.

Detaljregulering

– Døme: Johan Sverdrup, planutkast 12/12-2014



Jord- og torvmassar må flyttast frå næringsområde til varig plassering på grøne landbruksområde, før stein frå tunellane kan planerast ut i næringsområde. All massehandtering vert planlagt handtert i planområdet. Dermed sparar ein transportkostnader og unngår køyring på offentlege vegar.

Føresegner

Føresegner kan styre korleis slike område skal handterast i forvaltninga. Omfanget og KU-vurderingane vil avgjera om det bør gjevast løyve etter forskrift, jordlov, pbl. eller anna lovverk, eller om det vert plankrav (detaljregulering). Det er ulike føresegner etter kva lovverk eller heimlar ein vurderer tiltaket ut i frå. Føresegnene må vera detaljerte og førande for korleis tiltaket skal gjennomførast og korleis sluttresultatet skal verta.

Døme på føresegner til reguleringsplanar kan vera:

- Før utbygging skal det gjerast greie for handtering av jordressursane. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) som vert utbygd skal sikrast vidare bruk, primært til jordbruksføremål i LNF-områda i planområdet.
- Topplaget skal ha steinfri torv- og/eller mineraljord. Det er viktig at myr- og torvmassane ikkje vert blanda med vanleg mineraljord.
- Avfall og ureina massar skal transporterast bort til godkjend fyllplass.
- Område LNF-L kan nyttast til landbruksføremål. Tiltak som fremjar formålet kan etablerast.
- Jord frå areal som vert utbygd i planområdet kan plasserast i LNF-område.
- Deponiområda skal med utgangpunkt i markslagskarta for dei aktuelle areala, ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta.
- Det skal såast til før anleggsarbeidet vert avslutta i same område. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med fangedam o.l.



ERFARING

- frå Nordhordland

Kommunen kan leggja føringar allereie ved oppstart av nytt planarbeid, og formuleringa under er eit døme på slike krav som vert presentert som ein del av oppstartspakken.

Lokale tilhøve som føreset særleg utgreiing/vektlegging i planarbeidet basert på jordvern og landbruksfaglege vurderingar: Kommunen ynskjer å nytta massar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn. Overskotsmasse i utbyggingsområde skal så langt som mogeleg brukast på staden, til dømes til istandsetting og tilarbeiding av terrenget. Utbyggingsområda må planleggast og utviklast slik at behovet for å transportere bort masser blir minst mogeleg. Dersom det blir masse til overs, må utbyggjer vise kvar overskotsmassen skal deponerast parallelt med utarbeiding av reguleringsplanen.

Overskotsmassar frå tidligare dyrka jord- og jordmassar som er eigna til jordbruksproduksjon bør nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal og difor leverast til godkjende jordmasse mottak lokalt. Plan for slik gjennomføring må vera på plass seinast før igangsetting av tiltak innafor planområdet, og må takast med i rekkjefølgjekrava i planen.

6. Oppfølging og kontroll

Grunnlaget for oppfølging og kontroll startar i sakshandsaminga. Det er viktig at forvaltninga under handsaminga av ein søknad ser på kva risikofaktorar som er der og kva tiltak ein kan gjera for å redusera risikoen for at noko går galt. Internkontroll på sjølve området som mottar massar er vesentleg for at dette skal lukkas.

6.1 Offentleg oppfølging og kontroll

Vilkåra som vert sett i eit løyve vil ha stor verknad på korleis eit tiltak kan følgjast opp. Er eit løyve gjeve på spesielle vilkår, til dømes at det skal gjerast konkrete tiltak for å hindre avrenning, vil det vera lettare å krevje dette ved oppfølging dersom det er eit vilkår her. Kommunen kan påleggja grunneigar eller tiltakshavar tiltak for å hindre ureining.

Kommunen bør gjere seg godt kjent med dei konkrete rutinane som er ved mottak av massar på ein tipp. Kommunen må understreka for den ansvarlege kor viktig det er å ha ein mottakskontroll/logg over lass som vert tippa. Det bør setjast vilkår at ansvarleg for tiltaket må føra logg/liste over massane som kjem så langt dette let seg gjera. Dette er viktig for å sikra at det berre vert teke i mot reine jord- og steinmassar. Dersom kommunen får konkrete tips, må dette følgjast opp for å sikre at ureine massar ikkje kjem på avvege. Det kan verta kostbart for dei ansvarlege dersom det er ureine massar i ein jordtipp.

Kommunen har kontrollmynde og må følgja opp tiltak der er gjeve løyve til masseuttak. Ei oppfølging kan bidra til at eventuelle problem vert løyst tidleg før skade skjer.



6.2 Internkontroll

Det bør setjast vilkår om at ansvarleg for tiltaket sikrar seg mot ureine massar og passar på at vilkår sett i løyvet vert følgt. Når ein skal ta imot massar, bør ein krevje dokumentasjon på at massane er reine. Dette er svært viktig dersom massane ikkje kjem frå jomfrueleg mark og frå tidligare utbygde område. Dersom det har vore bygningar eller dreve næring på areala massane kjem i frå, kan massane vere ureine som følgje av bruken eller som følgje av tidlegare masseforflytting. Det vert ofte i samband med masseutskifting i meir sentrale strøk teke jordprøver. Grunneigar eller den ansvarlege for jordtippen må få denne dokumentasjonen som eit ledd i sin interne kontroll av massane. Samstundes er dette viktig informasjon å ha ved eit eventuelt tilsyn eller om det skulle verta stilt spørsmål om massane er reine. Grunneigar eller ansvarleg for jordtippen bør vurdere å ta eigne jordprøver som stikkprøvekontroll av mottekne massar. Det kan vera ei god rutine at den som skal ta imot massane synfarer staden massane kjem frå. Dette for å få eit overblikk over kva type areal dei kjem ifrå. Dette er ingen garanti for at massane ikkje er ureine, men det gir eit inntrykk om ein må krevja meir grundig dokumentasjon.

Eit viktig moment ved den interne kontrollen på tippen er lasslister/logg. Den ansvarlege må ha eit system over kor mykje som er tippa og kor massane kjem ifrå. Det bør førast liste på kvart tippa lass med kor massane kjem ifrå, gjerne så detaljert som med gards- og bruksnummer. Den som er ansvarleg for tippen eller som er grunneigar, bør følgje med på kva massar som vert tippa. Dette for å unngå at massar som er synleg ureine eller med søppel/avfall vert tippa, og for å unngå at tippen vert nytta av uvedkommande.

TIPS

ERFARINGAR

Magnar Askeland og fleire lokale bønder har medverka til auka kunnskap og kompetanse om korleis arbeidet kan gjennomførast i praksis. Dei har fokus på:

- Agronomi
- Driftsveggar
- Fangdammar
- Grøfting
- Sortering / bruk av ulike massar





7. Viktige moment i ein søknad om massehandtering

Kva kommunen treng i ein søknad om massehandtering vil variera med omfanget på tiltaket og kvar det er lokalisert. Mindre og enklare tiltak treng ikkje alltid utgreiast like detaljert på alle punkt som eit større prosjekt. Det vil alltid vere moment som vil påverka kor omfangsrik ein søknad må vera, uavhengig av storleiken på eit tiltak. Dess fleire faktorar som har innverknad på tiltaket, dess større krav må kommunen stilla til innhaldet i søknaden.

7.1 Viktige opplysningar i ein søknad

For at kommunen skal sikre god sakshandsaming er det viktig at all informasjon kjem godt fram i søknaden. Kommunen må sjå til at all naudsynt informasjon vert lagt fram for sakshandsaming. Kommunen skal gi råd til søkjar om kva informasjon som vert krevd, og rettleie søkjar om kvar informasjon kan finnast. Det er søkjaren sitt ansvar at søknaden inneheld tilstrekkeleg og god nok informasjon.

Det vil variera etter ulikt lovverk om det er standard skjema som skal nyttast ved søknad om eit nytt tiltak. Eksempelvis er det ikkje eit standard søknadsskjema for søknader etter ureiningsforskrifta kap. 4, medan plan- og bygningslova har sine standardiserte skjema for tiltak med eller utan ansvarsrett.

- Mine viktigaste erfaringar med handtering av jordmassar er mellom anna: Synfar staden massane kjem i frå. Returner lass ved mistanke om ureine massar. Ta imot massar frå entreprenørar som ein stoler på. Krev dokumentasjon dersom det er tatt jordprøver.»

Magnar Askeland, bonde i Nordhordland.

7.2 Innhaldet i søknaden



Generell informasjon:

Kven er søkjar/grunneigar: I søknaden må det kome klart fram kven som er tiltakshavar og ansvarleg for tiltaket.

Omfang/areal som blir påverka:

Kvar er tiltaket planlagt gjennomført og kor stort areal skal tilførast massar.

Arealtype og arealstatus:

Kva slags areal skal tilførast massar og kva status har areala i kommuneplanen. Det må også koma fram om tiltaket er i samsvar med planstatus i kommune- og/eller reguleringsplan.

Kva type massar skal tilførast:

Det må vera klart kva type massar som skal tilførast (mineraljord, stein, myrjord etc.).

Kor kjem massane i frå:

Søknaden må klart gjere greie for kvar massane kjem i frå. Informasjonen om kvar massane kjem frå bør vera spesifisert til gards- og bruksnummer og kommune. Dette er for å lettare fylgje opp at det berre vert nytta reine masser.

Volum og påfyllingshøgde:

Det kan vera vanskeleg å vita volum på massane ein skal ta imot. Søkjar må seie noko om tal m³ ein planlegg å ta imot, og planlagd høgde

på terrenget etter at massane har sege saman. Myrjord sig vesentleg meir enn mineraljord.

Føremål med tiltaket:

Kva arealet skal nyttast til etter at tiltaket er gjennomført.

Kart:

Til søknaden skal det leggjast ved kart som viser kva område som er planlagt å tilføra massar på. I tillegg bør det på dette kartet merkast av anna informasjon som er viktig. Det kan vera tiltak for å hindra avrenning, avskjæringsgrøfter for overflatevatn og avkøyning frå offentleg veg. Dersom det er registrert spesielle naturverdiar, artar eller kjente kulturminne bør dette også merkast av på eit kart. Det må leverast eit detaljkart over tiltaket som ikkje har større målestokk enn

1:2500, dette for å få ein god framstilling av detaljane. I tillegg må det følgje eit oversiktskart med målestokk 1:10000 for å sjå tiltaket si plassering i høve til busetnad, infrastruktur, vassdrag osv. Ei god kjelde til kart som kan nyttast er Nibio sine gardskart:

http://www.skogoglandskap.no/kart/gardskart_pa_internett.

Tidsperiode:

Søknaden må visa kor lenge anleggsperioden vil vara. Kommunen må setja tidsfrist som gir søkjar rom for å kunna gjennomføre tiltaket.

Avkøyning frå offentleg veg:

Mange område som kan vera aktuelle for mottak av massar, har ikkje godkjente avkøyningar frå

offentleg veg. Avkøyning frå offentleg veg må vera avklart før søknaden vert handsama. Kommunen gir avkøyringsløyve for kommunale vegar medan, Statens vegvesen avgjer fylkes- og riksvegar.

Skriftleg avtale:

Til alle søknader bør det følgje ein skriftleg avtale mellom den som skal ta imot massane og den som skal levera dei. Dette for å sikra at område vert ferdigstilt.

Miljø og naturmangfald

Påverknad på naturmangfald: Det må i søknaden koma fram om søkjar har kjennskap til om det er spesielle naturverdiar eller sjeldne artar i nærleiken, og om tiltaket kan påverka desse lokalitetane. Dersom ein meiner at tiltaket kan påverka naturverdiar må søkjar greia ut korleis han skal gjennomføra tiltaket på ein slik måte at ein unngår skade på naturmangfaldet. Det er viktig at forvaltinga også undersøker dette.

Framande artar:

Er det fare for at massane kan innehalda framande artar må det koma fram kva tiltak som vert gjort for å hindra spreiding av desse ved flytting og mottak av massane. Dette gjeld både artar som er framande i Norge, men og ugras som kan spreie seg med jorda.

Reine massar:

Eit veldig viktig punkt er dokumentasjon på at det skal nyttast reine massar. Søkjar må kunne dokumentera at massane som vert tatt i mot er

reine, samt kva tiltak er gjort for å forsikra seg om at ureine massar ikkje kjem inn på området.

Er det tatt jordprøver av massane må denne informasjonen leggjast fram for den som tek imot massane for kontroll.

Kulturminne:

Søkjar må opplysa om det er kjente kulturminne i nærleiken. Dette kan vera automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne (steingard, gamle ferdaveger, bygningar).

Utforming

Profilering/utforming: Det bør følgje med profildekning av området etter at tiltaket er ferdig. Dette for å gje eit inntrykk av korleis tiltaket er tilpassa dei lokale tilhøva.

Ei god kjelde er Google Earth der ein kan få kart med nettverk for å sjå profilen av området.

Overflatevatn:

Handtering av overflatevatn vil vera eit viktig moment i søknaden for å hindra unødig avrenning frå jordmassane i anleggsperioden. Det bør komme fram korleis handtering av overflatevatn internt og eksternt er planlagt.

Avrenning:

Søknaden må gjera ei grundig vurdering av korleis avrenning frå tiltaket skal handsamast, dette inneber og konkrete tiltak som vollar, fangdammar, avskjering av overflatevatn. Dette er spesielt viktig for tiltak som ligg nær vatn eller

vassdrag, og når det er sannsynleg at det kan påverka kringliggande vassdrag, gytebekkar og drikkevasskjelder. Tiltaka for å hindra avrenning bør merkast av i kart.

Naboar og nærområde

Nabovarsling: Alle naboar som tiltaket direkte eller indirekte får konsekvensar for bør varslast, slik at dei kan koma med merknadar til tiltaket. I søknadar som skal handsamast etter plan- og bygningslova er det ein klar lovheimel til nabovarsling. Det er ikkje ein klar heimel for dette etter ureiningsforskrifta kap. 4, men det er høve til å krevje nabovarsling i søknadar som skal handsamast etter ureiningsforskrifta.

Mjuke trafikkantar:

Er tiltaket i nærleiken av skule, barnehage eller andre område som har mjuke trafikkantar skal det koma klart fram i søknaden korleis ein skal ta omsyn til desse.

Transport/vegar:

Kva vegar skal massane transporterast på. Det er mange vegar med låge vektclassar og som kan vera i ein slik stand at dei ikkje tåler stor trafikk.

Arbeidstid/støy:

Kan det som følgje av tiltaket oppstå konflikt rundt støy eller føra til miljøulempar for andre, må det koma fram i søknaden kva periodar på døgnet det er planlagt at anlegget vil vera i drift.

Vedlegg 1:

Nyttige lenker



Aktuelle lovverk:

- Plan- og bygningslova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

- Naturmangfaldlova:



<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>

- Jordlova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23>

- Kulturminnelova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>

- Forureiningslova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6>

- Friluftsløva:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>

Aktuelle forskrifter:

- Forureiningsforskrifta:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931>

- Forskrift om nydyrking:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-05-02-423>

Aktuelle rettleiarar:

- Landbruk Plus – Veileder:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/lmd/rap/2005/0011/ddd/pdfv/249979-landbruk_pluss_plan_og_bygnlov_veil_150605.pdf

- Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tekniske-retningslinjer-for-anlegg-drift/id87381/>

- Naturmangfaldlova kapittel 2:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/naturmangfoldloven-kapittel-ii/id2481368/>

Kart og anna:

- Kart i vest:

<https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/hordaland-fylkeskommune/kart-i-vest/8346890e-32ae-40fc-9265-129c7345dc60>

- Nibio gardskart:

http://www.skogoglandskap.no/kart/gardskart_pa_internet

- Miljødirektoratet sin naturbase:

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>

- Artsdatabanken sitt artskart:

<http://artskart.artsdatabanken.no/default.aspx>

- Database for forureina grunn:

<http://grunn.miljodirektoratet.no/>

- Vegvisar i kommunal miljøforvaltning:

<http://www.miljokommune.no/>

JORDMASSAR

FRÅ PROBLEM TIL RESSURS

- ta vare på matjorda



REGION
NORDHORDLAND

RETTELEIAR FOR OFFENTLEG FORVALTNING